

# Strategi for Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora 2021-2030


**Vedteken av fakultetsstyret 1.12.2020**

Studentar og tilsette ved Fakultet for utdanningsvitskap og humaniora skal ha eit godt lærings – og arbeidsmiljø. Vi skal vere eit ope fakultet med høg kvalitet i utdanning, forskning og samfunnskontakt med vekt på partnerskap med skoler og barnehagar og aktiv deltaking i kultur- og samfunnsliv. Gjennom dette vil fakultetet i særleg grad arbeide for FNs berekraftsmål 4 *god utdanning* og 11 *berekraftige byar og lokalsamfunn*.

Fakultetet legg vekt på ein tett samverknad mellom utdanning, forskning, kunstnarisk utviklingsarbeid og samfunnskontakt. Vi underviser i det vi forskar på, vi endrar og spissar forskingsperspektiva våre ut frå kontakten med samfunnet. Når vi gjer det, står fakultetet sin profil tydeleg fram, som ein sentral del av universitetet.

Utdanningane våre skal vere relevante og fagleg utfordrande.

Fakultetet ønskjer i tråd med universitetets motto, *å utfordre det velkjende og utforske det ukjende*.



## Tematiske satsingsområde

***Til Grøn omstilling, som definerer vår felles retning***, vil fakultetet i særleg grad bidra med miljøhumaniora, berekraftstenking og berekraftsdidaktikk.

Ved Fakultet for utdanningsvitskap og humaniora er ***Læring for livet*** ei hovudsatsing i fakultetsstrategien. I «læring for livet» legg vi at barn og unge i barnehage og skole, studentane våre og dei som tar etter- og vidareutdanning skal rustast for livet, både profesjonelt og som borgarar i eit samfunn i endring.

Læringsmiljø, livsmeistring, folkehelse, lese- og skriveopplæring, og kultur som kjelde for meningsskaping og -brytning og eksistensielle spørsmål, er element til den tematiske satsinga på ***helse***.

På satsingsområdet **energi** vil fakultetet vil bidra med historiske, miljømessige, samfunnsmessige og kulturelle perspektiv.

## Kvalitet i utdanning

Vi skal ha attraktive studieprogram som utdannar høgt kompetente kandidatar til samfunns- og arbeidsliv. Klåre profilar i utdanninga skal mellom anna byggjast gjennom at resultat frå store forskingsprosjekt får bidra til å forme studieporteføljen, og ved at nye utdanningsprosjekt blir forma ut frå erfaringar gjort i partnerskap med kultur- og næringsliv, skular og barnehagar. Som uttrykk for kvalitet i utdanningane har fakultetet ambisjon om å få eit Senter for framifrå utdanning, og å auke eksternt finansierte utdanningsprosjekt.

Studentar som er uteksaminerte frå fakultetet skal ha evne til kritisk og analytisk tenking, etisk refleksjon og stort medvit om naudsynet av kontinuerleg læring og profesjonsfagleg utvikling som kjenneteikn. Studieprogramma skal ha læringsmiljø kjenneteikna av trivsel, engasjement, meistring og tilfredse studentar. Undervisninga skal vere forskingsbasert med stort innslag av studentaktive læringsformer, studentmedverknad og studentdeltaking i FoU-prosjekt.

Fakultetet skal kontinuerleg utvikle studieporteføljen for å sikre at han svarer til behov i samfunns- og arbeidsliv.

Særleg relevante initiativ er:

- Profilering av profesjons- og disiplinutdanningane som skal ta utgangspunkt i nyvinningar som blir gjorde gjennom store forskings- og utviklingsinitiativ.
- Læringsmiljøsentret, Lesesenteret og Kunnskapsenter for utdanning skal integrerast betre og tettare i lærarutdanningane ved Institutt for grunnskulelærarutdanning, idrett og spesialpedagogikk; Institutt for barnehagelærarutdanning og Institutt for kultur- og språkvitskap, og samarbeid mellom dei ulike lærarutdanningsprogramma skal styrkast.
- Fakultetet sine etter- og vidareutdanningstilbod skal vere breie, basert på behova i samfunnet, i tillegg til å vere retta mot tidlegare studentar ved fakultetet.
- Vi skal utvikle fleire halv- og heildigitale studietilbod, særleg retta mot område som ikkje er dekkja av gradsstudiane våre, og der det er tydelege behov i samfunnet.
- Miljø- og berekraftsdidaktikk skal vere integrert i alle grunnutdanningar.
- Tverrfaglege studium i samarbeid med helsevitskap og sosialvitskap, som tek utgangspunkt i framtidens barn og unge, jf. Strategisk satsing på helse.
- Satsinga på internasjonalisering og digitalisering skal førast vidare, m.a. gjennom ECIU University og ECIU sitt nettverk for lærarutdanning og andre globale initiativ, og gjennom auka fokus på didaktiske og pedagogiske potensial ved bruk av digitale verktøy i undervisninga.
- Didaktisk digital verkstad (DDV) skal byggje digital kompetanse med utgangspunkt i faga, forankra i forskning, og skal integrerast i utdannings- og forskingsprosjekt.

## Kvalitet i forskning

Store forskingsinitiativ på fakultetet skal vere kjenneteikna ved å vere tverrfaglege, vere relatert til fakultetet sin fagprofil, og ha samfunnsrelevans. Forskinga blir realisert ved å bygge opp nettverk på

UiS, nasjonalt og internasjonalt, gjennom programområde og forskingsgrupper. Store forskingsinitiativ skal som hovudregel innehalde grunnforsningsperspektiv. Formidlingskvalitet er ein sentral del av forskingskvalitet.

- Vi skal auke ekstern finansiering av forskning. Vi skal særleg arbeide for å heve kvaliteten i søknadar og auke talet på førstegangssøkjjarar til NFR, nordiske og nasjonale midlar og EU-midlar med vekt på tematikkar som er forankra i strategien og verksemdsområda til fakultetet. Det er eit mål at yngre forskarar tidlegare i karriereløpet realiserer si sjølvstendige retning gjennom å få eksternt finansierte prosjekt.
- Vi skal prioritere å publisere fleire artiklar med høgare kvalitet i tidsskrift med høg impact.
- Vi skal oppnå eitt eller fleire Senter for framifrå forskning.
- Fakultetet skal utdanne sjølvstendige, kritiske forskarar på eit nivå som kan gi grunnlag for ei internasjonal forskarkarriere. Ph.d.-programmet i utdanningsvitenskap og humaniora skal vere drivkrafta i dette arbeidet.
- Fakultetet skal ha gode høve for forskning, styrke karriereplanlegging og bygge profesjonell forskingsinfrastruktur.

## Kvalitet i samfunnskontakt og innovasjon – samarbeid om utdanning, forskning og praksis

Samfunnskontakten skal ha høg kvalitet og relevans, og vere forankra i utdanningsløpa våre og forskning- og utviklingsprosjekt. Samfunnskontakten skal vidare særleg vere open for utfordringar i samfunn, barnehage og skole som kan vidareutviklast til å bli del av profilen til fakultetet.

Lesesenteret, Læringsmiljøsentret og FILIORUM- senter for barnehageforskning representerer kvar sine profilar med spisskompetanse, medan Kunnskapsenter for utdanning gjer alle felt innan utdanningsvitenskapleg forskning tilgjengeleg, for både studentar og ålmenta. Dei tre institutta våre, Institutt for grunnskolelærerutdanning, idrett og spesialpedagogikk, Institutt for barnhagelærerutdanning og Institutt for kultur- og språkvitenskap utgjer saman med sentra eit unikt fellesskap med profilar som er særleg relevante for å ta samfunnsansvar som ligg til universitetet.

- Vi skal vidareutvikle og foredle partnerskapet med barnehage- og skulesektoren, særleg gjennom DEKOM, REKOM og universitetsbarnehagar og -skular. Partnerskapet må bidra til forståing for felles ansvar for kvalitet i lærarutdanningane. Dei gjensidige, tette koplingane mellom fakultetet og praksisfeltet skal heve kvaliteten på den enkelte skole og barnehage, på våre utdanningar og forskings- og utviklingsprosjekt.
- Etter- og vidareutdanningstilbodet vårt skal vere relevant og svare på behov i arbeidslivet.
- Studentane våre (humanistar så vel som lærarstudentar) skal ha tilbod om god og relevant praksis, som gjer dei budde på arbeidslivet.
- Vi skal vere ein føretrekt partner for kultur-, nærings- og samfunnsaktørar på felt der fakultetet har spisskompetanse.
- Vi skal verdsette og legge til rette for at tilsette tar aktivt del i kultur- og samfunnsdebatten og driv med populærvitenskapleg formidling.
- Vi skal vere nysgjerrige, kreative og kontaktsøkande for å nå folk på arenaer vi vanlegvis ikkje tenker på som våre, og vise forskarrolla som ein fri og ansvarleg aktør i samfunnsdebatten.

## Kvalitet i organisasjon og ressursar

Fakultetet held fram eit godt student- og læringsmiljø og eit godt arbeidsmiljø som ein kjerneverdi, og vil legge til rette for stort engasjement gjennom både det fysiske lærings- og arbeidsmiljøet og moglegheit til medverknad, kompetanseheving og eigenutvikling for studentar og tilsette.

Vi vil ha eit kontinuerleg blick for å forbetre kvaliteten i verksemdsområda utdanning, forskning og samfunnskontakt og å styrke samanhengen mellom desse. Dette vil vi gjere gjennom å være ein lærande organisasjon som legg vekt på å samhandling og samarbeid, gjerne med utgangspunkt i etablere møteplassar for tilsette internt og mellom einingar

Vi vil arbeide for at dei fysiske omgjevnadane for utdanning, forskning, arbeidsmiljø og læringsmiljø skal utviklast vidare for å gje gode føresetnader for trivsel, læring og innovasjon.